


Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på T-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua. Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.



Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,
www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"
Frivillig gåve til trusopplæringa til
kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Velkomen til
T₄-dag

Barnebibel til 4-åringane



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA
VOSS

T₄


Kjære 4- åringsheim

De har no eit barn, fødd i 2019 og truleg døypt ei tid etter det.

Saman med 4- åringen er de invitert til T₄-dag.

Sundag 23. april kl. 11:00 er de hjarteleg velkomne til Vangskyrkja. Her skal me ha ei familiegudsteneste der utdeling av barnebibelen til fireåringane vert det viktigaste. Barnekoret i kyrkja, MiniMidiSing, skal vere med og syngja.

Heile familien er velkomen. Tilbodet om bok gjeld alle born i den aktuelle alderen.



Bøn:

**Kjære Gud, ta handa mi,
slepp den aldri ut or di.
Lei meg på din veg i dag,
gjer meg trygg og sterk og glad.
Amen**

**Påmelding innan
torsdag 20. april**

på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden



De kan óg melde på via sms til Camilla Velsvik,
995 18 194

Ta med i meldinga. Namn, om det er ok med publisering
av bilete på nett og Kyrkjenytt og om det er andre omsyn
me må ta.

